

# Årsmelding 2024 Moster sokneråd



## Samansetjing av soknerådet 2024

Leiar: Rune Sivertsen  
Nestleiar: Gunnvald Bjotveit  
Kasserar: Hans Magne Nesse Stokka  
Skrivar: Solveig Eikeland  
Medlemmer: Nils Otto Espeland  
Elisabeth Jacobsen

Vararepresentantar: Gerda Bondø (møter fast som vara)  
Elisabeth Gjøsæther Løkling  
Arthur Anglevik  
Karianne Haugland Fimland

## Saker i soknerådet:

Soknerådet (SR) har hatt 12 møte og handsama i alt 119 saker. Soknerådsmøta vert haldne i kyrkja.

Det er blitt arbeidd spesielt med desse sakene og oppgåvene i 2024:

- planlegging og gjennomføring av seks kveldssamlingar med variert oppslutting
- gudstenestene
- 1000-årsjubileum for kristenretten
- 150-årsjubileum – SR fungerte som jubileumskomite frå hausten 2023
- gjennomføring av konfirmasjonstida
- orgelkomité for å få nytt orgel innan 2024
- betra kvalitet på lyd og biletet i gudstenesta

Me gjennomførte fellesmøte for soknerådet og tilsette i soknet. Evaluering og innspel frå dette forumet er viktige for soknerådet.

## 2024 - fleire jubileum

Moster kyrkjelyd var sterkt involvert i den felleskristne markeringa av 1000-årsjubileet for kristenretten, der mange frivillige stilte for å pynta, vera «kyrkjevertar», sitja i

komité etc. Me feira pinse med økumenisk gudsteneste, leia av pastor Geirr Standal, Sion, og sokneprest Aksel Lygre. Øystein Gjerme, generalsekretær i pinserørsla, var hovudtalar. «På grensa til lovsong» fredag 31.mai, arrangement på Dalaneset med utgangspunkt i Statsraad Lehmkul 1.juni og «Himmelske tonar» 2.6. var me også med og la til rette for. Alle arrangementa vart særskilt vellukka.

Statsministeren og representantar frå kongehuset deltok i feiringa av Moster 2024.

Moster kyrkjelyd og kyrkjestaben har hatt ei viktig rolle i planlegging og gjennomføring av jubileumsgudstenesta 2.juni, saman med prost, biskop, Bremnes kantori, Bømlo Gospel, Bømlo Janitsjar med fleire. Gudstenesta vart sendt på NRK fjernsyn.

Men me feira også jubileum lokalt. Moster kyrkje vart 150 år. Gjennom temakveldar sette me fokus på kyrkja og historia. Barnas jubileumsfeiring laurdag 30 november vart ein kjempeflott fest, under leiing av Marta Hamn. Sjå eige punkt under referat frå arbeidet med trusopplæringa.

Ein flott konsert med Vivaldis Gloria gjekk av stabelen same kvelden. Sjå eigen omtale under rapport frå kantor.

På jubileumsgudstenesta for Moster kyrkje si 150 årsfeiring 1.desember tala prost emeritus Erling J Kopperud, og diakonen, kyrkjelydsmedhjelparar, dei lokale prestane – inklusive tidlegare sokneprest Gunnvald Bjotveit, deltok. Kantor Øystein Skullerud stilte med eit strålende knippe musikarar. Sjå kyrkjemusikalsk rapport.

Kyrkjekaffi på Salem med helsingar frå ordførar, lokale kyrkjelydar – også andre trussamfunn, bedehusa, fellesrådet, prost og Moster Amfi etter gudstenesta vart prikket over i-en. Ein særskilt takk til Salem for godt samarbeid og tilrettelegging under jubileet.

## Frivillige medarbeidarar

I Moster kyrkje er det til vanleg omlag 125 frivillige medarbeidarar med viktige funksjonar og oppgåver; kyrkjevertar, nattverdsmedhjelparar, personar med ansvar for lyd- og biletar, medlemer i ulike nemnder og utval / komitear, vaksenleiarar og hjelparar i trusopplæringstiltak osb. Kyrkjelyd og sokneråd er svært takksame for alle desse gode og trufaste medarbeidarane.

I 2024 vart talet på frivillige mykje større, grunna jubileumsfeiring, ikkje minst i tilknyting til gudstenester i Moster amfi. Me snakkar om fleire hundre menneske.

## Økonomi

I takkoffer er det i 2024 samla inn kr 64 497,- til generelt kyrkjelydsarbeid. I tillegg er det gjeve kr 19 323,- til diakoniarbeidarstillinga, kr 58 090,- til kyrkjemusikalsk arbeid og kr 13 350 i gave til orgelprosjektet. I alt er det då gjeve kr 155 260,- til arbeid i Moster kyrkjelyd.

Til ulike eksterne organisasjonar er det gjeve kr 189 456,- i takkoffer. Av desse medrekna kyrkjedoffer på 1000-årsfeiringa. Fasteaksjonen vart gjennomført med eit økonomisk resultat på kr 35 823 som vart samla inn til Kirkens Nødhjelp via vippes og fysiske pengar. Av desse på bøsser kr 9 080.

Det er framleis ein del jubileumsbøker for sal. Inntekter frå sal i 2024 ligg på kr.43 090,-.

Saldo på "orgelkontoen" i Sparebanken Vest per 31.12.2024 er på kr 1 121 733,80 .

Totalt i 2024 kom det inn kr 41 370,- der kr 25 352,- av desse er renteinntekter.

Pengane som vart avtalt er i januar 2025 overførte til fellesrådet, som betalar kommunen.

## Orgelkomiteen

Orgelkomiteen vart oppretta i 2018 og hadde ved utgangen av 2024 fylgjande medlemmer: Elin Taranger (leiar), Gunnvald Bjtveit (skrivar), Øystein Skullerud (kantor), Arne Martin Aanstad (orgelkonsulent), Hans Martin Torkelsen, Camilla Rubach og Synnøve Totland.

Orgelet vart levert frå Brødrene Torkildsen orgelbyggeri 22.01.24. Det vart teke i bruk 1. påskedag 2024.

Rutters Gloria 14.04.24, der Bremnes kantori m.fl. deltok, og innviingskonserten 09.05.24 med m.a. domorganist Kåre Nordstoga, orgelkonsulent Arne Martin Aanstad og vår eigen kantor Øystein Skullerud m. fl. var storlagne hendingar.

På tampen lyfte orgelkomiteen fram ein ide om å gje ut eit skrift om det nye orgelet på 20 -25 sider. Soknerådet tok ballen! Ein komité for orgelhefte vart vald.

Soknerådet rettar ein varm takk til orgelkomiteen for vel gjennomført arbeid.

## Komit  for hefte om orgel.

I komiteen sit Øystein Skullerud, Randi M Olsen og Gunnvald Bjtveit. F rem let er   lyfta fram historia om det gamle orgelet og arbeidet med  f  det nye orgelet p  pl ss. Ein referer fr  markeringane i 2024, for   visa kor viktig orgelet er i konsertar, gudstenester og kyrkjelige handlingar elles. M let er at heftet skal vera ferdig 1.mai 2025. Sokner det takkar komiteen for arbeidet s  langt.

## Trusoppl ring og barne- og ungdomsarbeid

### Trusoppl ringsutvalet.

Trusoppl ringsutvalet bestod av Rune Sivertsen, Christian Kallev g Bjerke, Elisabeth Jacobsen, Inger Marie Gjerde, sokneprest Aksel Lygre og kyrkjelydspedagog Marta B. Havn. Hausten 2024 var det eit m te i trusoppl ringsutvalet den 23.september. P  m ta har ein samtalt om, planlagt og evaluert samlingane i trusoppl ringa.

Trusoppl ringsutvalet har og vore med og gjennomf rt fleire av samlingane, og er ein god ressurs i arbeidet for born og unge i kyrkja p  Moster.

### Samlingar i trusoppl ringa i 2024

#### *Tru:D 0 Babysong*

9 samlingar p  v ren og 8 samlingar p  hausten med songstund og servering av lunsj.

Samlingane med babysong er i kjellaren p  Salem.

23 born har delteke, dette utgjer 110% av dei d ypte borna.

Kyrkjelydspedagogen har samlingane.

#### *Tru:D1 Myldrekveld*

I år inviterte vi alle 1-åringar til Jubileumsfest for barnefamiliar den 30. november. Det kom ikkje nokon. Til neste år vil vi invitere til eit dedikert møte akkurat for 1-åringar i Moster kyrkje.

Men 6 av desse ett-åringar kom på Babysong, sjølv om dei fylte 1 år, det synes eg var veldig kjekt. Dette utgjer 30 % av dei døypte i målgruppa.

Kyrkjelydspdpedagog hadde ansvar for samlingane.

#### *Tru:D 2-3 Myldrekveld*

Tre samlingar i løpet av våren (5 born var innom), så blei Myldrekveld slått saman med Knøttekveld for 2-6 åringane i haust semester. Kyrkjelydspdpedagog gjennomførte samlingane på Salem.

#### *Tru:D3 Krøllekveld*

Ein samling med bibelforteljing om sauens som gjekk seg vill, song, aktivitetar og leik. 5 born har delteke, dette utgjer 33 % av dei døypte borna.

Kyrkjelydspdpedagog og ein frivillig hadde ansvar.

#### *Tru:D 4-5-6 Knøttekveld*

Våren 2024 blei det gjennomført 6 samlingar for denne aldersgruppa. 18 born kom innom.

På hausten blei alle 2-6-åringar slått saman til ein felles samling:

#### *Tru:D 2-3-4-5-6 Knøttekveld*

Hausten 2024 samla vi alle barn i denne aldersgruppa til felles samling ein gong i månaden. Det vert Bibelfortelling, song, leik og formingsaktivitet. Desse samlingane vert meir og meir populær i løpet av hausten (frå 9 born i august til 19 barn i november). 36 barn kom innom, som utgjer 44 % av dei døypte borna.

#### *Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok*

Veldig kjekke førsamling på tysdag i lag med Knøttekveld.

Fin gudsteneste med stappfull kyrkje med familiar, drama-preik om den bortkomne sonen, masse barnesongar, harmebøn, osv.

11 konfirmantar var med og las tekster, hjalp med utdeling av barnebibel og andre ting.

Veldig kjekt!

Etter gudstenesta opna vi den fornøya leikekroken i kyrkja og det var veldig populært!

Familiegudsteneste 27/10 med utdeling av 4 årsbok.

12 barn deltok, dette utgjer 75% av dei døypte borna.

Kyrkjelydspdpedagog, sokneprest og 2 frivillige deltok i lag med konfirmantar.

#### *Tru:D6 Skulestartmarkering*

Gudsteneste med utdeling av barnebibel.

12 born deltok, dette utgjer 57% av dei døypte borna.

#### *Tru:D7 Påskedrama*

Borna som er heimehøyrande på Moster blei invitert til Påskevandring på ein laurdag føremiddag. 14 born deltok, dette utgjer 67% av dei døypte borna.

#### *Tru:D8 Aktivitetsdag*

Felles aktivitetsdag på dagsid i Lykling kyrkje ved skulefri gjennomført 1/11 for born frå Bømlo, Lykling og Moster. Frå Moster deltok 3 born, noko som utgjer 21% av dei døypte borna. Alle kyrkjelydspedagogane hadde ansvar for dagen i samarbeid med frivillige medarbeidarar.

*Tru:D9 Tårnagenthelg*

Ein samling på laurdagen og gudsteneste gjennomført med 11 born, noko som utgjer 46% av dei døypte borna. Kyrkjelydspedagog, sokneprest og 3 frivillige var med som leiarar.

*Tru:D10 Jubileum for dåp*

Festsamling, pølser, leik og bibelforteljing gjennomført saman med 15 born, noko som utgjer 68% av dei døypte borna.  
Kyrkjelydspedagog, prest og 2 frivillige hadde ansvar for samlinga.

*Tru:D11 LysVaken*

Gjennomført i januar for dei som fylte 11 år i 2023 – samlinga blei flytta frå november 2023 grunna orgelbygging (15 born, 63% av dei døypte)  
Så hadde vi LysVaken samling i november for årets 11-åringar – 11 born, 46% av dei døypte.

*Tru:D12 Aktivitetsfestival*

Ein ettermiddag på SOLGRY med pølser, bibelfortelling, Gocart og aktivitetar i lag med heile Bømlo. 5 born frå Moster sokn deltok, noko som utgjer 21% av dei døypte borna.

*Tru:D14 Innskriving av konfirmantar*

22 møtte til innskrivingsmøte, dette utgjer 61% av medlemmane i aldersgruppa.  
Sokneprest ansvarleg.

*Tru:D15 Konfirmantarbeid*

27 deltok i konfirmantundervisninga, dette utgjer 73% av dei døypte ungdommane på dette alderstrinnet. Konfirmasjonstida blei avslutta med to konfirmasjonsgudstenester den 11/5 og ein den 12/5.

*Tru:D16 Fjarårskonfirmantar*

Denne samlinga blei planlagt til å ikkje gjennomførast i 2024.

*Tru:D17 Londontur*

I juni deltok 4 ungdommar frå Moster sokn (Foldrøy) på tur til London, dette utgjer 12% av medlemmane på alderstrinnet.

**Kyrkje – skule – barnehage samarbeid.**

Dette er for så vidt ikkje ein del av trusopplæringa i kyrkja, men det er likevel viktig for kyrkja å ha eit samarbeid med barnehagane og skulane i Moster sokn. I januar var det undretur for 3. og 4. trinn frå Moster skule. Før Påske kom Espira barnehage til Påskevandring. Så kom barnehagen ein gong til i november på ein undretur til Moster kyrkje. Før jul var det 3 skulegudstenester med god elevdeltaking.

6.desember var den aller siste skulegudstenesta for Foldrøy skule og vi kjente at det var med vemo å stå der. Vi fekk gode tilbakemeldingar og blei takka for samarbeid gjennom alle år. Mange foreldre og besteforeldre møte opp på den siste skulegudstenesta og dei var alle saman prega av situasjonen – 2 desember blei det vedtatt av kommunen å leggja ned Foldrøy skule.

19.desember vert det 2 skulegudstenester for Moster skule, først for 1.-6. trinn og så for 7.-10.-trinn med veldig bra oppmøte.

### **Oppsummering og tankar for 2024 i trusopplæringa.**

Felleskristen Komité utfordra kyrkje og andre trussamfunn til å lage eit felles arrangement for born under Pinse den 19.mai. I lag med fleire trussamfunn frå Moster (Salem, Sion og Kristen Felleskap) arrangerte vi Barnas Pinsefest i Mini-amfiet. Ca. 80 barn deltok, i lag med sine føresette – dagen var ein stor velsigning! Fint vær, 2 bolkar – Samling 1,5 time, matpause og 1,5 time med aktivitetar rundt omkring mini-amfiet. Så felles avslutning ved Moster gamle kyrkje med bøn for Norge.

Året 2024 var eit spesielt år for Moster. 29.mai – 2.juni feira vi 1000-års jubileum for Kristenretten. Ein absolutt viktig møteplass for heile Norge og ein heil spesiell jubileumsgudsteneste på søndag 2.juni.

2024 var også ein jubileumsår for Moster kyrkje som feira 150 år. 30 november inviterte vi barnefamiliar til Jubileumsfest i kyrkja. Det var ein fantastisk kjekke samling med Bibel-drama, Quiz, songar, dans, mat, og aktivitetar. 44 barn frå heile sokn møte opp i lag med sine foreldre og besteforeldre.

Soknerådet ba TOL-utval til å fornya barnekroken i Moster kyrkje. Audny har starta ein fin krok for over 10 år sidan som vi sjekka og ville oppgradera. Vi søkte midlar hos Finnås Kraftlag og Søndagsskolen – og kjøpte fleire leikar (duplo, bilar og garasjen, polydron magnetklossar, dyrefigurar og bondegard). Desse kan brukast både i trusopplæring og under gudsteneste. Den fornya kroken blei opna etter gudsteneste med utdeling av Bibel til 4-åringar den 27. oktober.

Pedagogen skreiv ut teikneark til kirkeårets bibeltekster og permen ligg i kyrkja. Blyantane vert kvesa og fylt på i posane.

Alle konfirmantane kan velja sitt miljøtiltak og i år som i fjor kunne dei også bli med og hjelpe i Trusopplæring. Dei var til stor hjelp og vi håper mange blei inspirerte til å delta i kyrkjelydsarbeid i framtida.

Konfirmantane hjalp på Knøttekveldar, Utdeling av Bibel, Lysvaken og Tårnagent.

TOL-utval har hatt to møter i år i tillegg til å ha ein chat grupper på Messenger. TOL-utval har stilt opp på forskjellige tiltak, Barnas Pinsefest og på Jubileumsfest. Det er vi så uendeleg glad for! Ein stor takk til alle villige hender som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja. Saman skal me arbeida for at barn og vaksne kan kjenna seg heime i Moster kyrkje.

### **OBS!**

I juni 2024 har kirkemøtet vedtatt *Plan for kirkelig undervisning og læring – overordnet del*.

«Den nye planen bygger på plan for trosopplæring *Gud gir - vi deler* (2009), erfaringene fra menighetenes arbeid med trosopplæringen og forskningen på feltet. Derfor bekrefeter planen det gode arbeidet som allerede gjøres, samtidig som den utfordrer til fortsatt engasjement og kreativitet. Planen åpner for større fleksibilitet i utforming av aktiviteter og tilbud, legger til rette for å kunne tenke strategisk om å være kirke lokalt og utfordrer til mer tverrfaglig samarbeid.»

Alle i soknerådet og TOL-utval skal bli kjent med den nye planen (sjå vedlagt).

Utrykket «Trusopplæring» vil bli bytta ut med «Kirkelig undervisning og læring – KUL»

## Gudstenestelivet

Forkynninga av Guds ord er ei hovudsak i kyrkja. Me prøver å gjera samlingane inkluderande for både born og vaksne, for at kyrkjelyden kan veksa. Nokre særskilte gudstenester for og med unge vart gjennomførte, i tillegg til konfirmasjon og konfirmantgudsteneste. I staden for lysmesse kom jubileumsgudstenesta. Både talet på frammøtte og involvering i gudstenesta må framleis vera viktig. Det er ikkje mogleg å trekka så mange konklusjonar av statistikk.

For info om 150- årsfeiringa, sjå eige avsnitt-

## Faktaopplysningar

(Tabelloppsett er utdrag av "Årsstatistikk for Den norske kyrkja!)

	2023	2024
Gudstenester på søndagar/heilagdagar	36	32
Deltakarar på gudstenester søndagar/heilagdagar	3228	6110
Gj.snitt deltakarar på gudstenester sønd./heilagdagar	108	191
Andre gudstenester	16	19
Døypte	14	20
Konfirmerte	30	27
Vigsel	3	2
Gravferder	14	16
Innmeldingar/utmeldingar	6/11	6 / 7

Eit meir relevant statistisk materiale for å kunna seia noko om auka eller minka frammøte i gudstenesta etter kvart som tilhøva normaliserer seg er naudsynt.

## Kyrkjemusikalsk arbeid

2024 var eit særmerkt år for Moster kyrkjelyd av fleire grunnar. For det første blei det installert nytt orgel, for det andre kom 1000-årsjubileet for kristenretten med to store

gudstenester i Moster Amfi<sup>1</sup>, og for det tredje var det 150-årsjubileum for kyrkja i månadsskiftet november-desember. Det var ei rekke arrangement i høve desse, som har sett preg på den kyrkjemusikalske aktiviteten, som ein vil sjå nedanfor:

- Det nye orgelet kom til Moster mandag 22 januar, demontert og pakka i ein trailer. Då starta ein prosess på nærmere 16 veker med bygging, maling og intonering av det nye orgelet frå Brødrene Torkildsen orgelbyggeri A/S. Orgelet vart teke i bruk første gong i gudstenesta påskedag 31 mars. Innviing og overrekking fann stad helgetorsdag 9 mai med orientering og demonstrasjon ved Nils G Torkildsen og konsulent Arne Martin Aandstad (noverande kantor i Avaldsnes), kakeservering og helsingar og til slutt konsert ved domorganist i Oslo Kåre Nordstoga (97 frammøtte).
- Konsert med Bremnes kantori, blåsarar, slagverk og nytt orgel søndag 14 april: Gloria av John Rutter m.m. Det var cirka 100 betalande tilhøyrarar, som var ein del mindre enn ønskja og budsjettet.
- Songkveld i Moster kyrkje søndag 24 mars med Lene F Nesse og Linda Nordtun som songsolistar (80 til stades). Kyrkjekora i Moster og Bømlo med kantor Øystein Skulerud hadde hovudansvaret for denne kvelden.
- Økumenisk songkveld torsdag 7. november med Håkon Tolås og kantor Øystein Skulerud som musikalsk ansvarlege, dessutan medverka Anna Lovise Solberg på kornett og Anne Britt G Elvegård, song og G Standal, tale (78 til stades).
- Konsert med Vivaldis Gloria laurdag 30 nov med prosjektkor, solistar frå Grieg-akademiet og samansett ensemble. Det var 174 til stades ifølge dagsregisteret, men rekneskapen syner at det var 76 betalande, som var godt under budsjettet.
- Kyrkjelyden sin tradisjonelle julekonsert søndag 15. desember med Moster skulekorps, Steffen S Sortland, Heidi Rolfsnes, Bømlo kyrkjekor og Moster kyrkjekor mfl. Under denne konserten var det feil med det elektriske opplegget, slik at konserten måtte gjennomførast med berre litt lys og utan mikrofon, forsterkar og tekst på skjerm. Fordi dei fleste innslaga var akustiske og ikkje kravde mikrofon og forsterkar, gjekk konserten stort sett som planlagt, litt forseinka. Det var 148 til stades.
- Dessutan følgjande gudstenester med særskilt musikalsk preg og/eller ekstra musikalske krefter:
  - Gudsteneste i Moster kyrkje 1 påskedag med Anna Nøstbakken på kornett. Nytt orgel vart teke i bruk for første gong på denne gudstenesta, jamvel om nokre stemmer framleis mangla.
  - Konfirmasjonar i Moster kyrkje 11 og 12 mai, òg med Anna Nøstbakken på kornett
  - Økumenisk pinsestemne i Moster amfi 1 pinsedag med mellom andre Sveinung Hølmebakk, song og Håkon Tolås, piano. Det var 900 personar til stades på dette stemnet.
  - Økumenisk festgudsteneste i Moster amfi søndag 2 juni med ei lang rekke musikalske krefter under leiing av kantor Øystein Lund Olafsen. Denne gudstenesta var planlagt over lang tid i ei prosjektgruppe der kyrkjestaben på Bømlo, styret i Moster amfi, Norges kristne råd og biskopen i Bjørgvin var representert. Det var brei deltaking av representantar for ulike kyrkjesamfunn i Norge og frå andre land i

---

<sup>1</sup> Det var ei rad arrangement i høve 1000-årsjubileet, mange av dei av musikalsk art, som ikkje er omtala her fordi det var Moster2024 sine arrangement, og ikkje Moster sokn. Kantor Øystein Skulerud var likevel noko involvert her.

- Europa. Gudstenesta vart overført direkte på NRK TV og kan framleis sjåast på tv.nrk.no. Det var 1750 til stades på gudstenesta.
- Gregoriansk høgmesse i Moster gamle kyrkje olsokdagen med prosjektkor for dagen
  - Gospelgudsteneste søndag 29. september med Heidi Rolfsnes, song, Sigbjørn Mæland, bass og Bømlo og Moster kyrkjekor under leiing av kantor Øystein Skallerud (120 til stades)
  - Ungdomsgudsteneste søndag 24 nov med Sigbjørn Næsse, bass, Håkon Furdal, slagverk og forsongarar frå konfirmantane av året, under leiing av kantor Øystein Skallerud (122 til stades)
  - Festgudsteneste i høve 150-årsjubileet for Moster kyrkje søndag 1. desember. Her deltok Linda Mattson og Hans Gunnar Skreslett på trompet, ei gruppe frå Moster skulekorps og Moster kyrkjekor under leiing av kantor Øystein Skallerud. Opphaveleg var Anna Nøstbakken spurt om å vere med på trompet på denne gudstenesta, men ho vart sjuk og meldte avbud dagen før. Men Linda Mattson frå Haugesund, som spelte trompet på Vivaldis Gloria dagen før, sa ja til å stille på ultrakort varsel, og berga med det den musikalske heilskapen i jubileumsgudstenesta. Det var 211 personar til stades på gudstenesta.
  - Gudsteneste 1 juledag med Anna Nøstbakken på kornett

På grunn av tett program på hausten i høve kyrkjejubileet, vart det ikkje plass til ein vanleg songkveld slik det har vore vanleg dei siste åra i månadsskiftet september-oktober. I staden deltok kyrkjekoret på temakveld med O J Grindheim tor 5. september. Ein vurderte dette som eit så positivt tilskot til temakvelden at ein ønskte å vidareføre dette i 2025.

Kulturskulen heldt sin årlege adventskonsert i Moster kyrkje fredag 6. desember, ei uke seinare enn normalt av omsyn til kyrkjejubileet.

Medlemmer av kyrkjekoret deltek på dei fleste gudstenestene som forsongarar. Koret hadde 25 ordinære øvingar i 2024. Ved årsskiftet hadde koret 9 aktive medlemmer frå Moster sokn. Det er færre enn ved førre årsskifte. Koret har for få medlemmer, særleg herrestemmer, til å kunne fungere som eit sjølvstendig, firstemlig blandakor. Sjølv i kombinasjon med Bømlo kyrkjekor, er det for få herrestemmer. Påfyll av nye songarar er høgst naudsynt.

Moster sokneråds kyrkjemusikalske utval måtte konstituerast på nytt i 2024, då den allereie fatalige medlemsmassen blei endå tynnare. Soknerådet fekk på plass nye medlemmer, og det nye utvalet har hatt fem møte og handsama 25 saker i 2024. Mykje av arbeidet har gått ut på å få i hamn dei ulike arrangementa knytt til kyrkjejubileet, jf lista ovanfor. I utvalet sit pr 31/12 2024 Camilla Rubach, Øystein Skallerud, Aksel Lygre, Olav Kvarven, Heidi Rolfsnes og Gunnvald Bjotveit. Mandatet til utvalet er dessutan utvida til å gjelde både gudstenester og kyrkjemusikk.

Orgelbyggjar Jann Magnar Fiskvik hos Br. Torkildsen hadde ettersyn med orgelet i september. Han gjorde enkelte justeringar, slik at orgelet no fungerer utmerka. Pianoet vart stemt av Per Klaver i desember.

Når det gjeld babysong, viser ein til årsrapport for trusopplæring.

Det økonomiske kring kyrkjemusikken, står å lese i soknerådet sin rekneskap. Det kan nemnast at dei to store konsertane – Rutters Gloria 14 april og Vivaldis Gloria 30 nov – begge gjekk med underskot på fleire titalls tusen kroner til saman. Det vart søkt økonomisk støtte til konsertane, først og framst gjennom ordninga med aktivitetsmidlar for kor, men ein fekk langt mindre enn håpa.

På grunn av kyrkjejubileet har det vore noko meir utgifter til solistar i gudstenestene enn i normalår.

## Diakoniutvalet

### **UTVALET VIL HA SOM MÅL AT ALLE SKAL LEVE I NESTEKJÆRLEIK TIL SINE MEDMENNESKE, OG FØLGJE OPP DEI MÅLA SOKNERÅDET HAR SETT**

UTVALSMEDLEMMER: Solfrid Hjelland, Nils Otto Espeland, Gerda Bondø, Sofie Røksund og diakon Sissel F Våge.

Utvalet har hatt to møter med innkalling. Det nye utvalet var på plass i april.

Aktivitet:

- Temakveld i Moster kyrkje i januar 2024. Vernepleiar ved Teiglandshagen, Kjersti Vågen hadde føredrag om kommunikasjon med personar med demens, personsentrert omsorg og miljøbehandling.
- Besøksteneste. Det er stadig nye førespurnadar om besøksteneste.
- Diakonen har også elles vore tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg/soknebod.
- Utvalet har gått med blomehelsingar til dei som har mista ektefelle/sambuar eller born.
- Utvalet har også gått med blomehelsingar til 80, 90, 95 og 100 års jubilantar.
- Sorggruppe
- Minnegudsteneste for etterlatne i Bremnes og Moster sokn. Dette året vart konserten Sommarlandet framført. Gudstenesta var denne gongen i Bremnes kyrkje. Utvalet der bidrog med lystenning og opplesing namn.
- Diakonen var med på julefeiring på Sesam. Sesam er ope hus for dei som har utfordringar med rus. Dette er eit tilbod som Bømlo kommune driftar.
- Diakonen deltok også på treff for pårørande til menneske som har utfordringar med rus.
- Bømlo frivilligsentral, diakonien og Røde kors samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 110 matkassar, og 137 barn fekk gåver. Diakoniutvalet var med å henta maten og pakka kassane. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- Seks Treffkveldar/gudstenester tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Tre av deltakarane på Treffkveld bidrog med lystenning under den økumeniske jubileumsgudstenesta på Moster.

## **Samarbeid med bedehusa i Moster, Håvik, frikyrkjelege forsamlings og dei andre kyrkjesokna**

I god tradisjon har samrådingsmøta med bedehusa i soknet halde fram. Halvårlege møte med samtale og informasjon om arrangement for å unngå kollisjonar er viktig, og å få til konkrete samarbeidsprosjekt. Me samarbeidde med Sion om gjennomføringa av 17.mai-gudstenesta i Moster amfi, og med fleire av dei frikyrkjelege om bøneveke, markering av kristenretten, med vidare. Relasjonane er gode, og det er lett å samtala, be saman og

samarbeida. Elles samarbeider ein godt med Salem om ungdomsarbeid. Konfirmantfest vart gjennomført med glans. Soknepresten talar på om lag eitt møte i semesteret i Håvik og Salem. Når det gjeld dei andre kyrkjesokna nemner me den årlege gudstenesta i Moster amfi, gudstenesta Kristi himmelferd på Siggjo, temakveldar m.m.

I 2025 starta me også å planleggja eit nådegåvekurs for fyrste helga i september 2025, der pastor Geirr Standal og sokneprest Aksel Lygre underviser. Kurset går av stabelen på Salem.

## Jubileumsboka

Jubileumsboka er gitt ut hausten 2023, som planlagt. Ho ligg for sal hjå Vikse bokhandel og på Sunnbok. I tillegg sel me bøker på ulike arrangement i kyrkja.

Soknerådet anbefalar boka på det varmaste.

## Estlandskomiteen og samarbeidet med venskapskyrkjelyden

Me viser til eiga årsmelding, eigen rekneskap og budsjett for dette arbeidet. Vår representant i Estlandskomiteen er Gunnvald Bjotveit. Aksel Lygre er fellesrådet sin representant for prestane i Bømlo.

Her nemner me kort at sommarleir 2024 vart gjennomført med estiske, ukrainske og norske ungdommar. Vanskelege tider i det estiske samfunnet gjer at me framleis prøver å støtta Sangaste kyrkjelyd sitt diakonale arbeid.

Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2024 i Moster sokn			
Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Resultat/ evaluering
<b>Diakoni</b>	Å fylgja opp det arbeidet som blir gjort.	Diakoniutvalet Soknerådet	Utført
	Forslag frå diakoniutvalet?		Ingen forslag
	Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster sokn.	Diakoniutval Tilsette Soknerådetet	Ikkje gjort
<b>Trusopplæring</b>	Starte evaluering og vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.	Soknerådet, TOL-utvalet og tilsette	Ventar bla. grunna overordna endringar
	75% oppmøte på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet og tilsette	Stort sett oppnådd
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet	Oppnådd
	Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus.	TOL-utvalet, Soknerådet og tilsette	Delvis oppnådd
	Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypte.	Kyrkjelyden, soknepresten og Soknerådet	Stort sett oppnådd
	I dåpssamtalen og gudsteneste skal foreldre og faddere være med for å bli bevisstgjort oppgåva.	Soknepresten	Faddarar ikkje inkludert
<b>Leiartrening</b>	Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei leiartrening.	Soknerådet Tilsette	Ikkje oppnådd i 2024, men konfirmantar hjelper til på trusopplæringstiltak. Leiarkurs ikkje ferdig.
	Starte førebuing av Nådegavekurs i 2025.	Soknerådet Soknepresten	Førebuing er starta.
<b>Lyd og bilete</b>	Arrangere årlege kurs for dei som har ansvar for lyd og bilet i kyrkja.	Soknerådet	Ikkje gjort.
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	Delvis gjort

	Rekruttere nye medarbeidrarar.	Soknerådet Presten, Medarbeidrarar på lyd og bilete	Ikkje gjort
<b>Gudsteneste</b>	Arbeide for større oppslutting og deltaking i gudstenestene.	Soknerådet Tilsette	Delvis oppnådd
	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom. Må planleggast tidleg.	Soknerådetet og tilsette	Oppnådd
<b>Kyrkjemusikalsk arbeid</b>	Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.	Kantor, prest, kyrkjemusikalsk utval og Soknerådetet	Oppnådd
	Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.	Kyrkjekoret, kantor, kyrkjemusikalsk utval, Soknerådetet og tilsette	Ikkje oppnådd
<b>Kyrkjebygget</b>	Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindauge m.m.	Fellesrådet	Ikkje gjort
	Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad	Soknerådet Fellesrådet	Delvis gjort
	Årleg dugnad i kyrkja..	Soknerådet	Delvis gjort
<b>Nytt orgel</b>	Planlegge konserter i samband med innviing av orgelet.	Orgelkomiteen Kantor	Gjort
<b>Kyrkja sitt 150- årsjubileum</b>	Selje flest mogleg jubileumsbøker.	Økonomikomiteen Soknerådet	Delvis oppnådd
	Gjennomføre ferdig program for jubileumsfeiringa.	Soknerådet Temakveldkomité Soknepresten	Gjort
<b>Smågrupper</b>	Oppretta ei ny bibelgruppe for ungdom innan utgangen av 2024.	Frivillige	Ikkje gjort

## Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2025 i Moster sokn

Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Resultat/ evaluering
<b>Diakoni</b>	Å fylgja opp det arbeidet som blir gjort.	Diakoniutvalet Soknerådet	
	Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster sokn. Lage konkrete tiltak.	Diakoniutval Tilsette Soknerådet	
<b>Trusopplæring</b>	Starte vidareutvikling av trusopplæring for eldre ungdomar.	Soknerådet, TOL-utvalet og tilsette	
	75% oppmøte på de store trusopplæringsstiltaka.	TOL-utvalet og tilsette	
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringsstiltaka.	TOL-utvalet	
	Alle trusopplæringsstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i kyrkje og bedehus	TOL-utvalet, Soknerådet og tilsette	
	Alle som vert fødde som tilhøyrande i Den norske kyrkja vert døypt.	Kyrkjelyden, soknepresten og Soknerådet	
	I dåpssamtalen skal fadrar inviterast med for å bli bevisstgjort oppgåva.	Soknepresten	
<b>Leiartrening</b>	Rekruttere barn og ungdom som medarbeidrarar og leiarar i kyrkjelyden. Gje dei opplæring og leiartrening.	Soknerådet Tilsette	
	Gjennomføre Nådegavekurs i 2025.	Soknerådet Soknepresten	
<b>Lyd og bilete</b>	Arrangere kurs for dei som har ansvar for lyd og biletar i kyrkja.	Soknerådet	
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	
	Rekruttere nye medarbeidrarar	Soknerådet Presten, Medarbeidrarar på lyd og biletar	

<b>Gudsteneste</b>	Arbeide for god oppslutting og deltaking i gudstenestene.	Soknerådet Tilsette	
	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom. Må planleggast tidleg.	Soknerådet og tilsette	
<b>Kyrkjemusikalsk arbeid</b>	Halda fram å utvida det varierte musikalske uttrykket.	Kantor, prest, utval for gudstenesteliv og kyrkjemusikk, Soknerådet	
	Rekruttere nye medlemar til kyrkjekoret.	Kyrkjekoret, kantor, utval for gudstenesteliv og kyrkjemusikk, Soknerådet og tilsette	
<b>Kyrkjebygget</b>	Fullføre oppussing av kyrkja utvendig, vindauge m.m.	Fellesrådet	
	Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad	Soknerådet Fellesrådet	
	Ymse dugnad i kyrkja (sjå eiga liste).	Soknerådet	
<b>Nytt orgel</b>	Vigsling av orgelet.	Kantor Prost	
	Gje ut hefte om det gamle og det nye orgelet.	Orgelhefte-komiteen	
<b>Kyrkja sitt 150- årsjubileum</b>	Selje resten av jubileumsbøkene.	Økonomi-komiteen Soknerådet	
<b>Temakveldar</b>	Invitera aktuelle foredragshaldarar for hausten. Finne foredragshaldarar og tema som skapar nysgjerrigkeit, utfordrar og er aktuelt. Skape inkludering og varme i samlingane. Involvere kulturelle uttrykk / musikk.	Soknerådet Temakveld-komité	
<b>Smågrupper</b>	Oppretta nye bibelgruppe for ungdom innan utgangen av 2025.	Frivillige	

<b>Økonomi</b>	Å driva eit godt arbeid innanfor gitte økonomiske rammer	Soknerådet	
<b>Soknerådet</b>	Soknerådet nyttar aktivt lista over prioriterte innsatsområde og målsetjingar	Soknerådet	